



# TRACKSA NORWAY

Nyhetsbrev 1. 2008



Våre  
samarbeidspartnarar



Magnar Andersen  
Bedriftsavdelinga

Sparebanken Sogn og Fjordane har vært Tracksa sin hovudbank forbindelse sidan starten, og vi har gjennom heile prosessen hatt eit nært og tett samarbeid. Tracksa har opplevd banken som ein løysingsorientert og engasjert bank som arbeider aktivt for å legge forholda tilrette for nyetableringar og utvikling i Sogn og Fjordane. Vi ser fram til eit godt samarbeid vidare.



Petter Sortland  
Næringsssjef

**"Norges beste kommune å etablere seg i"**

Dette har vi ofte sagt om Høyanger kommune, og det skuldast i høg grad Næringsssjef Petter Sortland, Ordførar Kjartan Longva, og ikkje minst rådmann Arvid Lillehaug. Den hjelp vi har fått i frå dei er heilt avgjerande for at vi er kome så langt som vi er. HNU har vært, og er ein svært viktig støttespillar for Tracksa. Vi skal fortsette det gode samarbeidet i den vidare utviklinga i Tracksa.

## NMK MODUM OG SIGDAL FØRST I VERDEN!

Tracksa er utruleg stolte av å kunne gratulere NMK Modum og Sigdal som den første motorsportklubben i verda som tar i bruk Tracksa sitt lys system.

NMK Modum og Sigdal har kjøpt eit komplett system som skal brukast i alle motorsportsgreiner i Klubben.

Systemet skal leverast komplett med 7 poster, 1. reservepost, og komplett racekontroll. Tracksa startar i næraste framtid med å legge inn baneanlegga i dataprogrammet.

Modum og Sigdal er ein svært aktiv klubb, og startar sesongen alt kommande helg med rally.

For Tracksa er det ekstra gledelig at det var denne klubben som vart den første til å ta i bruk systemet, dei har nemlig vært ein av klubbane som har vært med på testinga av systemet heilt frå begynninga, og har vært ein viktig støttespillar i utviklinga av Tracksa.

Anlegget skal etter planen leverast i februar, og Tracksa vil i den samanheng gjere litt ekstra stas på klubben. Kvar dette blir, det skal være ein overrasking, fylldig rapport kjem seinare

Alle system som blir levert i Norge, skal leverast med full opplæringspakke, dette gjer at Tracksa vil levere alle anlegga på banene, og Sørge for at alt personell som skal betene utstyret er best mulig opplært.

Tracksa ser fram til å få levert det første anlegget i Norge, dette er viktig for den vidare framdrifta, og en milepåle for det utviklingsarbeidet som er gjort.

Tracksa er no fullt i gang med salg og marknadsføring av systemet, og interessa både i Norge og Sverige er enormt stor. Tracksa forventar eit svært godt 2008, og ser virkelig fram til å samarbeide med klubbar i Norge og Sverige når sesongen no startar.



Sigdal Motorsenter!

### FELLES NORDISK SAMARBEID OM REGELVERK VED BRUK AV LYS!

Torsdag 10 januar kjem gruppa som arbeider med lyssystemet i det Svenske Bilsportforbundet til oslo for å diskutere med banekomiteen i NBF om mulighetane for eit felles regelverk ved bruk av lys i heile Norden. Målsetninga med dette arbeidet er at det skal være enkelt for førarane å kjenne igjen lyssignala og bruken av desse på tvers av landegrensene innan Norden

## TILBOD OM TESTING I NEDERLAND OG DUBAI!

Verden begynner å få opp auga for Tracksa systemet, og denne veka mottok vi forespørsel frå RSZ gruppa i Zandvoort. RSZ gruppen driver omfattande opplærings verksemd, og er i tillegg ein svært stor arrangørorganisasjon innan motorsport. Hovudbasen deira er på Zandvoort Motorstadion utanfor Amsterdam, men dei administrerer løp i fleire europeiske land, samt i Dubai. RSZ ønsker ein sikrare og meir effektiv gjennomføring av sin skule og løps verksemd, og ønskjer i den

samanheng starte testing av Tracksa sitt lyssystem. Testinga skal i all hovudsak føregå i Nederland, men dei ønskjer også å ta systemet med til Dubai for å teste systemet på andre baner og under andre forhold.

Tracksa ser fram til eit spennande samarbeid med ein stor aktør innan europeisk motorsport.

Denne testinga som vi skal gjere med RSZ vil være ei vidareføring av



Instuktørteamet til RSZ

det viktige utviklings arbeidet vi skal til med på Anderstorp Raceway i vår.